

Nytt frå Vinjelosen

Prøvebu Vinje!

Prøvebustaden i Øyfjell

Om ikkje lenge er prøvebustaden i Øyfjell klar til å ta imot nye leigetakarar att. Difor har me no lagt ut informasjon om dette på heimesida til kommunen, saman med søknadsskjema.

Leigetakarar vil få tett oppfølging frå kommunen i samarbeid med Øyfjell utvikling. Det er lagt opp til faste oppfølgingssamtaler, og prøvebu-tida er no sett til 2 år, med moglegheit for eit tredje år.

Me har eit eige prøvebu team som vil ha intervju med aktuelle søkjarar til prøvebustaden, å velje ut kven som får høve til å prøvebu.

Prøvebu eit mikrohus

Vinje kommune ser også for seg at me skal prøve å få i gang fleire prøvebu prosjekt, til dømes prøvebu mikrohus på Mobø i Raulandsgrend, når ein kjem så langt i prosessen. Mikrohusa på Mobø er ikkje klare endå, men ein kan lesa om planane på heimesida til kommunen, under *Prøvebu Vinje*.

Prøvebu på eit småbruk

Tidlegare prøvde fekk Vinje kommune disponere eit eige småbruk i Øyfjell til denne ordninga. Dette fekk mykje merksemd, me hadde visningar, og etter seg stor etterspurnad. Likevel fekk me ingen prøvebuarar innan rimeleg tid. Me måtte difor sjå på andre løysingar etter kvart. Ordninga er ikkje lagt på is, men i det seinare har eg heller prøvd å finne eit småbruk som høver dei preferansane folk legg til grunn. No nyleg tok ein familie kontakt med ynskje om å «testbo» på småbruk i Vinje. Eg har sendt dei eit alternativ, som ikkje er eit småbruk, men som likevel kanskje kan dekke noko av det dei etterspør. Dei har i tillegg moglegheit til å kjøpe staden etterpå.

Ved å ha desse ulike prøvebu-ordningane, gir me fleire moglegheita til å teste ut kommunen vår, utan at dei forpliktar seg til etablering eller kjøp av bustad.

Alt godt,

